

Saksnr: 2019/112-1  
Saksbehandlar: Hanne Espe og Atle Skrede

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utvat	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		02.12.2019

**Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom - reviderte retningsliner**

**Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å stimulere til utvikling av nye tilbod som skal bidra til å få flere barn og unge i Vestland fysisk aktiv hver dag.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningsliner for ordninga tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom i Vestland.

**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune har i mange år hatt ei tilskotsordning til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom. Påtroppande fylkesdirektør si vurdering er at tilskotsordninga har vore vellukka og vil tilrå at tilskotsordninga vert vidareført i Vestland. Tilskotsordninga skal stimulere til prosjekt som gjer det enklare for barn og ungdom å vere aktive i sine lokalmiljø. Påtroppande fylkesdirektør tilrår å kanaliserer tiltaka gjennom regionale organisasjonar og større samarbeidsprosjekt for å sikre overføringsverdi og gjennomføringskraft.

Per Morten Ekerhovd  
påtroppande direktør for  
kultur, idrett og inkludering

Britt Karen Spjeld  
påtroppande leiar for seksjon  
idrett og friluftsliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Retningsliner - Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom i Vestland

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Tilskotsordninga for lavterskel fysisk aktivitet har gjennom fleire år sikra midlar til store og små tiltak ut i kommunane i Hordaland, for ei rekke målgrupper. Det har vore justert litt på retningslinene undervegs for å spisse tiltaka mot målgrupper ein ønskja å satse ekstra på.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

### Vurderingar og verknader

Det har ikkje vore tilsvarende tilskotsordning for Sogn og Fjordane, og det er ønskjeleg å vidareføre denne ordninga på ein best mogleg måte for å fremje fysisk aktivitet i heile Vestland fylke. Difor vert det lagt opp til at det er dei regionale ledda av frilufts- og idrettsorganisasjonar som kan søkje om tilskot. Av desse er det allereie god dialog på tvers av fylkesgrensene, og mange jobbar godt saman om felles mål og tiltak for Vestland.

**Økonomi:** Storleiken på tilskot for 2020 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming.

**Klima:** Ingen relevans

**Folkehelse:** Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet vil ha ein klar relevans for både fysisk og mental helse.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan i Hordaland 2015-2025. PREMISS: KULTUR og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027. Kultur for alle.

### Konklusjon

Påtroppande fylkesdirektør tilrår at tilskotsordninga for lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom i Hordaland, vert vidareført i Vestland.